



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
36/26	Ungdommen sitt kommunestyre	11.09.2026
32/26	Eldrerådet	14.09.2026
48/26	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	14.09.2026

Uttale til oppstartvarsel detaljreguleringsplan for Hafslo sentrum nord. Handsaming i råda.

Kommunedirektøren si tilråding:

Eldrerådet / rådet for personar med funksjonsnedsetting / ungdommen sitt kommunestyre har følgjande uttale i høyringssaka om oppstartvarsel av detaljreguleringsplan for Hafslo sentrum nord:

...

Utval som har vedtaksmynde: Råda kan gje uttale, plan- og forvaltningsutvalet er planutval og kommunestyret gjer endeleg vedtak.


Fakta

Luster kommune og Sterri Eigedom AS, som eig Spar, sit på det aller meste av arealet der det vert opna for sentrumsutvikling. Dette gjev mulegheit til å tenke utvikling uavhengig av eigedomsgrensar, og ein kan optimalisere utvikling av næring- og leilegheitsareal. Utgangspunktet er at ein no vurderer bygging av ny Sparbutikk vest i planområdet, utan at eksisterande butikk treng å stenge. Dette opnar for andre løysingar aust i planområdet.

Vegen Mobakken ligg midt i planområdet. Det er teke med areal på dyrka mark bakom eksisterande Sparbutikk og gamle Herradshuset (gbnr 148/115) som gjer det muleg å gjennom prosessen vurdere ei omlegging av denne vegen. Luster kommune vil understreke at me ønskjer å unngå denne omlegginga, både med omsyn til sikring av dyrka mark, og me er usikre på om det vil gje ei betre løysing, spesielt med tanke på å kunne halde farten vinterstid. Luster kommune meiner likevel at det må opnast for at vurderinga kan gjerast, men då må det vise seg at ein får vesentleg betre løysingar i sentrumsarealet med å flytte

denne vegen.

Det vert no eit dobbelt planleggingsarbeid her, då det meste av dette arealet er ein del av Områdeplan for Hafslo sentrum, planid 2020004. I plan- og forvaltningsutvalet sitt møte 10.03.2026 (sak PFU-17/26) vart det vedteke at områdeplanen skal sendast på ny høyring. Områdeplanen er no ute til høyring med høyringsfrist fredag 4. september. Det er naturleg å vise til kva som vart gjort i områdeplanen for dette sentrumsområdet, jf kartskisse under. Ein legg her opp til at det vert lagt inn to sentrumsføremål på dei aktuelle eigedommane, men då med krav om detaljregulering. Det er denne detaljreguleringa som det no vert varsla oppstart på.



Planområdet vist med blå skrift.

Vurdering

Råda kan velje å gje uttale til oppstartsvarelet. Vedlagt følgjer orienteringsbrev, saksframlegg til oppstart av detaljreguleringsplan (pfu-sak 6/26) og planavgrening Hafslo sentrum.

Det vert informert i møtet.

Vedlegg

Orienteringsbrev Varsel_om_oppstart_av_planarbeid_180367_1_A_2738761

Saksframlegg pfu sak 6-26.

Detaljreguleringsplan_Hafslo_sentrum_nord_planid_2026001_185747_1_A_2738761

Planavgrensing_Hafslo_sentrum_185757_1_A_2738761